

Mandat samhandlingsnettverk - Barn som pårørende

Bakgrunn for saka:

Arbeid med barn som pårørende er lovpålagt gjennom [Lov om helsepersonell §10a og 10b](#) og i tillegg for spesialisthelsetjenesta i [Lov om spesialisthelsetjeneste §3-7a](#).

I tråd med [pårørendeveilederen](#) som er utarbeida av Helsedirektoratet, bør helseføretaka og kommunane samarbeide systematisk om støtte til alle pårørende.

Per i dag er det lite samhandling mellom helseføretaket og kommunane i Helse Førde sitt opptaksområde, om barn som pårørende. Det er derfor behov for ein møteplass, der ein kan dele erfaringar, drøfte enkeltsaker og auke kompetansen på dette området for å:

- forebygge uhelse hos barn og unge som pårørende
- fange opp dei som har behov for hjelp eller vidare tiltak i kommunal regi
- følgje opp barn med anna kulturell bakgrunn

Føremål:

Føremålet med fagnettverket innan barn som pårørende er:

- Ivaretaking av lovkrav og overordna føringar
- Samhandling mellom helseføretak og kommunane, som bidrar til god oppfølging av barn som pårørende i tråd med gjeldande lovverk og prosedyrar, med særleg fokus på auka tilvising frå helseføretaka
- Auke fokus om barn som pårørende i organisasjonane
- Bidra til kompetanseheving innan feltet
- Bidra til trygge, samordna og tverrfaglege helsetenester
- Fremje deling av kunnskap mellom tilsette i kommunane og spesialisthelsetenesta
- Spre informasjon og kunnskap frå nettverket i deltakarane sine organisasjonar
- Identifisere utfordringar og gi innspel til forbettringspunkt
- Fokus på barn som pårørende for ulike utdanningsforløp. Sende invitasjon til høgskulen/erfaringsdeling med studentane

Organisering og ansvarsfordeling:

Det anbefalast å etablere eit nettverk med representantar frå alle partar, fortrinnsvis tilsette som har ei rolle i arbeidet med barn som pårørende i eigen organisasjon.

Frå den kommunale helse- og omsorgstenesta er det relevant med ressurspersonar knytt opp mot ulike instansar som har barn som pårørende i sitt arbeid.

I spesialisthelsetenesta er det naturleg med representantar frå både somatikk og psykiatri, samt koordinator for barn som pårørande i helseføretaket.

Deltakarar:

- Fire medlemmar som til saman representerer kommunane i Sogn og Fjordane
- To representantar frå spesialisthelsetenesta, Helse Førde
- Koordinator for barn som pårørande i Helse Førde
- Ein brukarrepresentant oppnemnd av Felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Driftsansvar:

Nettverket blir leia av ein representant frå kommunane og ein frå spesialisthelsetenesta, som blir valt for to år. Desse har ansvaret for innkalling, møteleiing og årleg rapportering. Oppnemning av representantar skjer for to år om gongen.

Nettverket møtast tre gongar årleg, fortrinnsvis digitalt.

Det er ønskeleg å arrangere felles fagdag på sikt, men dette er noko som må kome etter at nettverket har fått etablert seg.

Utgifter knytt til deltaking i nettverket skal dekkast av den enkelte medlemsorganisasjon. Utgifter i forbindelse med seminar og fagsamlingar utanom møta, blir dekkja gjennom tilskotsmiddel og evt ein eigenandel. Det skal leggjast vekt på å arrangere samlingar som på ein måte som inneber avgrensa kostnader for partane.

Godkjenning av mandat

Mandatet er godkjent av fagleg samarbeidsutval Behov for eventuelle revisjonar av mandatet skjer i fagleg samarbeidsutval.